

Med returbillett til Kaprolat (3)

Eit forsøk på flukt

107391

Frå åsryggen Kaprolet i den russiske Karelen er ei lita gruppe nordmenn på vill flukt. Eit russisk stormåtak har nettopp feia dei vekk frå stillingane på toppen, der dei fleste av kameratane no ligg att livlause etter to dagars vill kamp.

Russarane sender granatsalve på granatsalve etter dei flyktande nordmennene. Desse – på si side – kastar seg ned, ligg stille nokre sekund, spring vidare, snublar, vert liggjande medan granatsplintane kvin mellom trestammene, reiser seg att og sjanglar vidare, stadig vidare. Granathol og blod syner vegen nedover mot vatnet.

Den vesle troppen som enno held stand der nede, er ikkje blitt utsett for den sterke granatkastar- og artillerielden, men er til gjengjeld blitt gatt til åtak på fleire gonger av framstormande russiske soldatar. Troppe-sjeften ligg på bakken, stygt skadd av ei eksplosiv kule. Det er kuler som eksploderer når dei når målet, og etterlet seg fryktelege og blodige krater.

Igjen er det blitt natt, og skumringa legg seg over skogen. Det er mørkare her, enn det var oppe i høgda.

Ein trøndar tek kommandoen over dei karane som er att. Gruppa tel no 27 mann, dei som har vore stasjonert her nede, og 12 – 14 karar frå det i alt 57 mann sterke kompaniet som hadde forsvart Kaprolet.

Lenger oppe i lia ligg ein 16 år gamal gutunge åleine bak ein stein. Han er lettare skadd, og maktar ikkje å følgje med dei andre heilt ned. Likevel skal han bli ein av dei få som klarar å slå seg gjennom den russiske muren som no omkransar Kaprolet-åsen der inne i dei djupe karelske skogane.

HELGE ARILD BOLSTAD

Det er denne ungutene Dag og Tid har møtt att 33 år seinare, for a høyre - frå ein som sjolv var med, kva som skjeddde desse dagane på Kaprolet. Heilt fram til denne DT-serien har dette blodige slaget vore eit dunkelt kapittel i saga om dei norske frontkjemparane. Tidlegare skrivne framstillingar har vore mykje baserte på gissingar.

Når han ikkje berre kan fortelje det han sjolv var med på, er det fordi han seinare, saman med to kampaner fra Kaprolet, om alt og om alt, har gått gjennom alt som hende, og har skrivne det ned. Først og fremst for å få det på avstand, som terapi mot nervene som har plaga han i alle desse åra etter 1945.

Det var langt frå nokon pen skare som denne natta stod samla under åsen, fortel «Asmund» oss. Uniformene var skitne og sundrivne. Mennene blodige, med bind kring armar og bein og med raudkanta augo. Dei heldt rådslaging om kva gruppa skulle gjere. Slagne var dei, det visste dei. Men noko framlegg om å overgje seg, kom det likevel ikkje.

I staden vart det spurt om dei kunne greie å slå seg gjennom til bataljonen. Sjolv om gutta der ikkje lenger heldt stillingane, kunne dei kanskje kome seg forbi. Og då ville dei vere berga, eller nær på i alle fall, om dei kunne halde ut symjerturen over Kapanezsjoen. Eit alternativ framlegg var å trengje rett gjennom den russiske ringen og vidare nordover, for seinare å vende vestover att mot eventuelle tyske eller finske stillingar. Dei fleste gjekk inn for bataljonen. Dit var det stultast veg, og kretler var det lite av i dei utarma kroppane.

– Var gruppa vepna på dette tidspunktet?

– Ja. Dei var utstyrte med eit maskingevær, men hadde att berre 50 skott. Dei var også utstyrte med nokre maskinpistol, og hadde elles vanlege gevær. Planen var å gå ut i vitteform, med maskinpistol.



Frå «Munn» - eit blad som vart gjeve ut her i landet under krigen. Bladet hadde tekst på både tysk og norsk. Biletet er teke i januar 1944, og syner ein norsk jaktkommandotropp i Karelen.

Skyttarane plasserte mellom maskingeværet og løyane.

No rykkte dei fram slik dei hadde lært det i Sennheim og i Austerrike. Ein skyttar sprang nokre meter framover for å kaste seg ned, men fall i staden slapt til bakken, råka av ei russisk kule. Nestemann sprang, og klarte seg. Så skulle tredjemann prøve. Eit automatvåpen small og guten stupte, steindaud. I det han gjekk i bakken såg kameratane hans at halve hovudet falt av han. Han var råka av eit eksplosivt prosjektil. Men ingen tok omsyn til slikt meir. Dei var blitt så allfor vane med brå døde. No galt det først og fremst å berge eige liv.

Dei få sekunda nordmennene vert liggjande mellom kvart sprang

DT-reprisen

Norske frontkjemparar på veg frå Fornebu under krigen.

(Foto: NTB)

Det var omlag 15.000 nordmenn som melde seg friviljug til krigstene for Hitler frå 1940 til 45. Av desse kom halvparten til fronten. I ein serie artiklar fortel ein av dei som melde seg til teneste på austfronten som 16-åring, om kvifor han var viljug til å ofre livet på denne slagmarka langt heimefra.

Artikkelserien er ein reprise frå DT sommaren 1977. Då fortalde ein overlevande frå Kaprolat for første gong kva som hende, den dagen russarane storma støttepunktet langt inne i den russiske nord-Karelen.

I «DT-reprisen» prentar Dag og Tid om att artiklar og artikkelserialer som ei teneste for nye vener av bladet.

stol fyrer ein heil salve rett i hovudet på nordmannen. Blodet sprutar av han, og han fell dod saman ved vasskanten. Likevel gjev russaren han eit hardt slag med kolben, for han vippar han uti vatnet med foten. Berre nokre ringar i vasskropa markerer ei kort stund grava at den unge trondaren.

Fangen får setje seg ved eit tre. Her vert han sitjande heile natta medan dei siste oppreisingane går føre seg på slagmarka rundt han...

– Kva skjeddde med deg?

– På vegen ned lia mot Wiesel i vart eg råka av ein granatsplint i eine handa og hogre foten. Det var ein lettare skade, men eg vart liggjande der ei stund i ly av ein stein, medan dei andre kvarv i skogen nedanfor. Etter ei tid fekk eg samla nok krefter til å gå vidare, og eg valde då å gå i soraustleg retning, der eg kom meg verberga gjennom eit minefelt. Fordi eg ikkje kunne symje, måtte eg gå rundt eit større vatn. Etter 2 døgn på vandring motte eg eit par nordmenn som var på flukt frå Hasselmannstillinga. Den eine var sterkt skadd, og vart delvis boren, delvis dregen av den andre. I lag kom vi tredje dagen fram til ei tysk stilling.

– Utan særleg meir dramatik på vegen?

– Vi var heldige, men det kunne svært lett ha gått gale. I den tette skogen var det vanskeleg å sjå andre menneske, jamvel om dei var like ved. Dette visste eg. Ein vintermor-

framover, er det som om ei slåmaskin meier over hovudet på dei. Automatvåpena lagar djupe furer i grasen – og det kjennest som om uniformene vert rivne frå ryggen. Nokre vert straks liggjande, og skrik til dei andre: «Eg er snart ferdig, spring vidare». Andre er ikkje i stand til å seie noko som helst meir i denne verda. Og restane av den vesle gruppa spring vidare, kastar seg ned, vert innhenta av fiendekuler, eller klarer seg endå nokre meter.

Etter eit par hundre meter er dei berre to mann att, 2 av dei 27 som starta. Den eine er han med maskingeværet. Dette sleper han med seg, sjolv om han veit godt at det ikkje finst ei einaste kule att. Det er streng straff for å kaste vekk våpen, og straffa tel sterkare enn fiende-

eld for ein utarma kropp og eit slova sinn. Då han kjem fram til vasskanten er det som vonløysa likevel tek han. Og han let maskingeværet gli ut i vatnet.

Der går dei to kanskje einaste uskaddde frå Kaprolet. Og like ved går vegen som fører sorover mot bataljonen. Dei to nikkar åt kvarandre, og legg på ny på sprang.

Då får dei sjå ei gruppe russiske soldatar kome mot seg, under leiding av ein kommisar. I handa held han ein stor tønnerrevolver. Dei to nordmennene veit kva som ventar dei, i alle fall den eine, som straks reiser seg opp med hendene over hovudet. Den andre går det heile kanskje litt for fort for. Han vert sitjande med geværet rett oppover. Kommisaren gjev ein stutt ordre, og ein russar med maskinpi-

gon hadde vi vakna av skispor etter russiske soldatar rett gjennom leiren vår. Russarane brukar ofte eit slags skinn under skiene, og kunne på den måten gå heilt lydlaust gjennom snoen. Også på denne turen frå Kaprolat, såg eg fleire russiske soldatar undervegs. Til alt lukke var dei ikkje observante nok, denne gongen.

Det mest dramatiske skjeddde då vi kom fram til den tyske leiren. «Parole» ropa den tyske soldaten og retta pistolen mot meg. Men eg kjende ikkje parolen. «Ich bin Norweger», ropa eg attende.

I staden for berre å skyte, vinka tuskaren meg nærare. Då han fekk sjå restane av den skitne uniforma.

kom han mot meg og forde meg inn i leiren. Via finsk område, vart eg frakta først til Oulu, over til Danzig og vidare til Stettin, der eg vart verande fire månader i sjukehus.

- Var du væpna under flukta?

- Nei, eg var vapenlaus, og ville ha vore eit lett bytte for russarane om dei hadde oppdaga meg.

- Korleis kom dei andre frå Kaprolat seg ut?

- Så vidt eg har høyr vart det 3-4 mann som greidde å skyte seg gjennom dei russiske stillingane, og som kom seg bortover mot Hasselmann. Og på eit anna punkt var det 5 andre som fekk slå seg igjennom. 4 av desse kom seg over på finsk side. Den femte var så sterkt skadd at han døydde på vegen. Dette fekk eg først vite for eit par år sidan, då eg tilfeldigvis møtte ein av dei. Vi hadde då budd ikkje så langt frå kvarandre i mange år, men utan å vite om kvarandre.

★ ★ ★

- Korleis skulle det gå med fangen under treet?

- Han vart sitjande der medan russarane samla saman dei falne og skadde kameratane sine. Like forbi treet gjekk vegen som russarane nytta fram til det gamle norske hovudkvarteret. No følgde dei skadde russarane denne vegen attende til støttepunkt sine. Ein heil straum av dei gjekk framom fangen, nokre med armen i bind, andre halta og andre igjen var forsynte med forstehjelpsbandasje. Det hadde kosta å innta den norske stillinga, og no tok dei hemn på sin måte på nordmannen ved treet. Ein etter ein spytta dei han i andletet - det djupaste teiknet på forakt og hat.

Fangen sat til sist heilt nedspytta. Han sat berre og såg ned i bakken. Hittil hadde han berga livet men likevel! Tenk om stillinga hadde vore den omvendte...

Mange farlege tankar for gjennom hovudet på han.

Så vart han teken til avhoyr. Saman med nokre andre norske fangar frå Hasselmann, vart han synt inn i teltet at ein russisk offiser. Ein svenske presenterte seg som tolk. Offiseren ville vite kor stillingane til tyskarane i nærleiken var, men ingen av fangane hadde forestnader for å svare på slikt. Da ville russaren vite kor mange dei hadde vore på Kaprolat. Da han fekk til svar at dei haddé vore 57 mann ved den siste teljinga, gestikulerte russaren vilt og kom med nye sporsmål til tolken.

„De meiner naturlegvis 750 mann“, så denne på svensk.

„Nei, vi meiner 57“, var svaret.

Da rista offiseren på hovudet, men slo seg til tals med det han fekk vite.

- Vart det nytta tortur under avhøret?

- Nei, det vart ikkje nytta brutale metodar. Fangane var heilt unge, og russaren skjona vel at dei ikkje kjende til meir enn det dei roleg kunne oppgje, no når bataljonen likevel var sprengd.

For fangane gjekk ferda vidare via Leningrad til ein liten by ved Moskva. Av ein eller annan grunn vart den eine av dei send heimatt alt året etter. Den siste kom attende til Noreg mange år seinare. Då hadde han vore innom fleire ulike interneringsleirar i Sovjetsamveldet...

Neste gong:

FERDIG MED EI FORTID